

Til  
Offentleg mynde  
Naboar/rettshavarar  
Lag og organisasjonar

PLANID: 1260 2018000300 | VÅR REF: 10204419  
DOKUMENTKODE: 10204419-PLAN-PBL-001  
TILGJENGELIGHET: Open

Stord, 29.mai 2018

## MELDING OM OPPSTART AV DETALJREGULERING MANGER SENTRUM AUST, RADØY KOMMUNE

I samsvar med plan- og bygningslova §12-8 vert det med dette meldt oppstart av arbeid med detaljregulering av Manger sentrum aust. Radøy kommune er forslagsstillar, og Multiconsult Norge AS avd. Stord er utførande konsulent.

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for etablering av ny brannstasjon, utviding av miljøstasjon og bruksendring i eksisterande offentleg bygningsmasse. Eit sentralt tema i arbeidet vert regulering av allereie etablert tilkomst til eksisterande næringsområde og framtidig område for brannstasjon. Det aktuelle planområdet er på om lag 125,2 daa, og omfattar areal som er regulert i gjeldande kommunedel- og reguleringsplanar. Oversikt over gjeldande reguleringsføremaal i planområdet ligg vedlagt.

Den nordlege delen av planområdet har i dag tilkomst direkte frå fylkesveg, men denne er ved ein feil teke ut av gjeldande reguleringsplan. Ein har soleis behov for å regulera inn ei avkøyrsløse til næringsområdet som oppfyller krav til frisikt og svingradius. Ein vil samstundes leggja opp til auka vegbreidde fram til areal for ny brannstasjon, slik at ein får akseptabel veg for utrykkingskøyretøy.

I detaljreguleringa legg ein i stor grad opp til å vidareføra arealføremaal frå gjeldande planar.

Det er gjennomført oppstartsmøte med Radøy kommune 4.mai 2018.

### Planområdet

Planområdet er lokalisert i utkanten aust i Manger sentrum. Planområdet omfattar deler av fylkesveg 409, og på nordsida av denne eksisterande offentleg bygningsmasse med helsehus, psykiatrisk avdeling og barnehage, næringsområde med fleire næringsbygg, lagerhallar og areal for bussparkering, miljøstasjon og skog/landbruksareal. På sørsida av fylkesvegen omfattar planområdet bensinstasjon og Radøy Auto, Smiths møte- og selskapslokale, ein bustad og tilkomst mm.

Det er gjennomført eit forstudie med omsyn til lokalisering av ny brannstasjon. Studiet konkluderer med at lokalisering nord for eksisterande helsehus og vest for NGIR sin miljøstasjon er det beste alternativet. I detaljreguleringa vil ein leggja til rette for etablering av brannstasjon på dette arealet, som i dag er regulert til offentleg tenesteyting.

Planområdet vil verta innsnevra i den vidare planprosessen, avhengig av kva trafikale løysningar ein landar på og oppklåring av usikre eigedomsgrenser. Ein har soleis meldt oppstart på eit noko større område enn det som kjem til å verta regulert.

Sjå vedlagt kart med planomriss.

### **Vurdering av planarbeidet**

Radøy kommune vurderer at det ikkje er naudsynt med planprogram og konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiingar. Bakgrunnen for dette er at heile planområdet er regulert i gjeldande planar, og detaljreguleringa legg soleis ikkje opp til meir enn 15 daa nytt areal til næring eller offentleg/privat tenesteyting. Miljøstasjon for mellombels lagring av avfall utløyser heller ikkje krav til konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar.

Sjølv om det ikkje skal gjennomførast konsekvensutgreiing etter forskrifta, skal det gjerast ei grundig vurdering av konsekvensane. Dette omfattar blant anna følgjande tema:

#### Trafikk

- Løysningar for trafikkavvikling
- Parkering
- Buss
- Gangveggar

#### Biologisk mangfald, naturressursar og friluftsliv

- Viktige og utvalde naturtypar
- Turstiar og grøntområde
- Vassdrag
- Miljøvern faglege vurderingar
- Jordvern og landbruksfaglege vurderingar

#### Kulturlandskap og kulturminne

#### Teknisk infrastruktur

- Kommunaltekniske anlegg
- Eksisterande bustad-/ hytteeigedommar
- Overvatn

#### Samfunns- og tettstadsutvikling

- Universell utforming
- Funksjonshemma og eldre sine interesser
- Born og unge sine interesser
- Stadutvikling
- Klima og energi
- Folkehelse

#### ROS- analyse

- Samfunnstryggleik og beredskap

## Merknader

Merknader og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

### Multiconsult Norge AS

Kunnskapshuset

Sæ 132

5417 Stord

Att. Øyvind Skaar

Eller elektronisk til:

[oyvind.skaar@multiconsult.no](mailto:oyvind.skaar@multiconsult.no)

Oppstart av detaljreguleringa vert kunngjort på [www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer](http://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer) og [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no) under *kunngjeringar*. Arbeidet vert i tillegg annonsert i avis 29.mai.


**Frist for innsending av merknad: 10. juli 2018 (6 veker)**

### Vidare saksgong

Etter at merknadsfristen er ute, vil Multiconsult Norge AS utarbeide planframlegg som inneheld planomtale, plankart og føresegner. Planframlegget vil bli handsama av Radøy kommune ved politisk utval, som vedtek utlegging til offentleg ettersyn. Det vil då òg bli høve til å kome med merknader til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med venleg helsing

**Multiconsult**



Arealplanlegger Øyvind Skaar  
100%, Plan og utredning

Vedlegg:

1. Planavgrensing
2. Oversikt gjeldande reguleringsføremål
3. Adresseliste høyringspartar